

# Sterkt av Steinar og Claus i Birken

## Sette ny pers i sitt tjuande løp

Fleire av dei lokale gjorde gode løp i Birken. Steinar Mørch (65) persa i sitt løp nummer tjue!

ARTHUR KLEIVELAND  
arthur@nordhordland.no

Steinar Mørch var den første ut av Nordhordland Skiklubb sine 14 påmelde og starta kl 7, ein time før eliteklassen. Mørch som i år gjekk sitt 20. birkebeinerrenn kom i mål på den svært sterke tida 3 timar, 33 minutt og 55 sekund. I ein alder av 65 år persa Mørch med over 3 minutt!

### Claus spurtslo OL-meister

Claus Sellevoll gjennomførte på kjempetida 2,37.38, som heldt til ein flott 12. plass i klasse 35-39, ein klasse med mange meritterte skinamn. Totalt gjekk Sellevoll inn til ein utruleg sterk 64.plass.

Sellevoll hadde ei stund augekontakt med Oddbjørn Hjelmeset etter at dei to tøffaste stigningane opp til Skramstadsætra var unnagjort, men lukkast aldri å få kontakt. Men i ei klynge framfor seg oppdaga han ei anna kjend ryggstavle – nemleg den tidlegare olympiske meister Erling Jevne. Sellevoll beit seg fast og gjekk saman med Jevne store delar av løpet.

På veg inn på Birkebeinar skistadion let ikkje Claus sjansen gå frå seg. Ut av siste sving på oppløpet staka han for full maskin og slo den tidlegare Birkebeinarvinnaren med to sekund.

### Sterkt også av Alvær

Kenneth Alvær var også svært

godt nøgd med eigen prestasjon etter å ha lagt bak seg dei 54 kilometrane på 3 timar 7 minutt og 1 sekund.

I pulja etter Kenneth starta Bjørnar Stusdal. Han går i klasse M25-29 og hadde ei god oppleving over fjellet frå Rena til Lillehammer. Stusdal var strålende nøgd etter å ha kome i mål på solide 3 timar 13 minutt og 41 sekund. Stusdal klarte med det merkekravet med over 20 minutt margin.

### Førstegongs-startande

Børge Sellevoll starta i klasse 35-39, og måtte som førstegongsstartande og useeda gå i siste pulje. Tida 3 timar 43 minutt og 6 sekund er difor sterk med tanke på køen av dei omlag 16 000 deltakarane som gjekk framfor han i løypene. Børge kom i mål vel åtte minutt etter merkekravet i klassen med den tøffaste makstida.

### Deltakarar frå Nordhordland skiklubb:

M25-29: Bjørnar Stusdal 3.13.41, M30-34: Espen Foseid Aakre 4.17.07, M35-39: Claus Sellevoll 2.37.38, Børge Sellevoll 3.43.06, M40-44: Trond Austrheim 3.57.58, Magne Fostervold 4.17.02, M45-49: Kenneth Alvær 3.07.01, Sigve Eldøy 3.51.43, M50-54: Atle Austrheim 3.43.38, Torbjørn Aamli 4.21.28, M55-59: Rine Minde 3.46.32, Reidar Ladehaug 5.04.36, M60-64: Harald Håbrekke 5.00.45, M65-69: Steinar Mørch 3.33.55

Også tidlegare syklist Gunnar Eidsheim frå Eikanger (Fana IL) gjekk eit godt skirenn, med 3.33.46 i klasse 30-34.



**NY PERS:** Steinar Mørch sette soleklar ny pers i Birken, i sitt tjuande løp og i ein alder av 65. Her frå eit lokalt løp på Gamlesætra. (Arkivfoto)

### BIRKEBEINERRENNET

54 km langt skiløp frå Rena over fjellet til Lillehammer. Arrangert sidan 1932 til minne om dei to birkebeinarane Torstein Skevla og Skjervald Skrukka som i 1206 frakta kongssonen Håkon Håkonsen over fjellet for å redde han unna Baglarane.